

# Vil sjå på økonomien

**LUSTER:** Formannskapet er samstemde i at NVE bør godkjenna forslaget til konsekvensutgreiingsprogrammet Statkraft har utarbeidd for Vestsideelvane og Vigdalen kraftverk.

Men sjølv om formannskapet tykkjer konsekvensutgreiinga tiltakshavar Statkraft har laga for Vestsideelvane i Jostedalen og Vigdalen kraftverk ser grei ut, må dei økonomiske konsekvensane presiserast.

## Avklara inntektene

Utbygging som har skapt stor motstand lokalt i Jostedalen og under handsaminga i formannskapet påpeika rådmann Tore Eriksen at utbyggingane har skattemessige konsekvensar for Luster kommune.

– I konsesjonssøknaden står det at det offentlege får tilført 2,5 millionar i skatt, men det seier ingenting om kva dette har å seia for Luster kommune.

Formannskapet slutta seg til at det var rimeleg at utbyggingar greier ut kva økonomiske konsekvensar ei eventuell utbygging har for Luster kommune.

## Enkelt å skaffa

Dermed vil kommunen få klargjort kva dei vil få økonomisk dersom det blir utbygging.

Anders Bolstad (Ap) meinte dette måtte vera tal som var lette å leggja på bordet.

– Me har hatt informasjonsmøte om dette i Ap og fekk klare svar på strak arm. Det er ikkje ei stor sak for utbyggingar å greia ut dette.

Også partifelle Stein Olav Njøs og Geir Arve Sandvik (H) ville sjå meir talmateriale.

– Eg stø rådmannen, me må sjå tala, sa Njøs.

## Uroa for naturen

Ivar Kvalen (Sp) tok til orde

for at dei fremste elvane i Krundalen er spesielle og dermed bør vurderast særskilt.

– Kva har det å seia for bygda å kommunen? Elvane ligg så tett inn i breen og nasjonalparken, ein bør sjå med strengare auge på det som blir gjort her, i høve til andre stader, meinte Kvalen.

Ordførar Torodd Urnes (KrF) meinte likevel at dette var godt nok dekt i det utforma programmet.

## Fokus på Krundøla

Kommunestyret får saka på bordet, og då er formannskapet si innstilling mellom anna, at det i konsekvensutgreiingsprogrammet skal leggjast vekt på ovanfor NVE at ulike alternativ for utnytting av tunnelmassane må vurderast.

Konsekvensar ved bortføring av vatn frå Krundøla og sideelvane må synast ekstra merksemd avdi dette er eit urørt vassdrag som det knyter seg sterke interesser til, ikkje minst i reiselivssamanheng. Det er viktig at konsekvensane for landskap vert vurdert frå alle aktuelle turruter på begge sider av Jostedalen og Krundalen, ikkje berre nedanfrå dalbotnen. Formannskapet går også inn for at konsekvensutgreiinga mellom anna bør omfatta eit skikkeleg oversyn over heile det naturbaserte reiselivet som brukar Jostedalen, og konsekvensar som blir skapt for landbruket.

Renate Sæle

renate@sognavis.no

## Valget er ditt

Hos oss kan du velge mellom briller innenfor alle priser og kvaliteter. Vårt lavpriskonsept heter Volum og merkevarene vi fører er bl.a. Dior, Gucci, D&G og Ray Ban. Valget er ditt!

